



Årsmelding for Norsk Roseforening avd. Møre og Romsdal 2024

Styret i har i 2024 bestått av:

Leiar:	Nina Elisabeth Bøe	Styremedlem:	Svein Kongshaug
Sekretær:	Liv Sæther Myskja	Styremedlem:	Eva Henriette Bøklepp
Kasserer:	Aud Irene Teilgård		
Revisor:	Dordi Anne Hyldbakk	Vara:	Marit Voldsund
Valgkomité:	Rune Olav Nilsen Torstein Hyldbakk		

Organisasjonen: 51 medlemmar

Styrearbeid: Styret har hatt 3 digitale styremøter i løpet av året, og handsama i alt 11 saker.

Rekruttering: Medlemstalet vårt er pr i dag 51. I fjor var talet 56. Vi ser av lista at nokre har gått ut, og andre meldt seg inn. Vi merkar oss likevel ein liten nedgang, og vil jobbe aktivt vidare med verving i 2025.

OVERSIKT OVER AKTIVITETAR

Dato	Tema	Stad	Tal på frammøtte
17.03.2024	Årsmøte.	Sunde Fjordhotell	6
Flere av styremedlemmane våre er engasjerte både i hageselskapet og roseforeninga. Vi la difor årsmøtet vårt til same helga som Hageselskapet Møre og Romsdal hadde sitt årsmøte. På denne måten fekk vi også med oss eit spanande foredrag med Claus Dahlby. Eit triveleg årsmøte der vi fekk samle nokre av oss for fyrste gong.			
8. juni	Hagemarkedet på Romsdalsmuseet		
Aud og Nina på stand for roseforeninga på Molde og omegn Hagelag sitt hagemarked. Gjennom eit positivt samarbeid med Haukebø hagesenter kunne vi tilby sal av roser, og vi fekk ein del av inntektene frå salet. Vi solgte også sortslister. Deltakinga på hagemarkedet var veldig triveleg, og mange var innom standen vår. Vi har meldt oss på også i 2025.			
15. juli	World Federation of Rose Societies (WFRS) på besøk i Molde		90
Besøket frå WFRS var del av ein stor tur der hovuddelen var lagt til Sverige, med pre- og post tour i høvesvis Finland og Noreg. Omlag 70 delegatar var med på turen. Molde kommune var medarrangør. Aud har hatt tett kontakt med kommunen heilt sidan starten av planlegginga, og har òg vore bindeledd mellom oss i roseforeninga og Molde Hagelag. Det er på sin plass med ros til Aud for det store arbeidet ho la ned i samband med			



Årsmelding for Norsk Roseforening avd. Møre og Romsdal 2024

gjennomføringa av dette arrangementet. Det var mykje som måtte gjerast i forkant, både i forhold til det reinte praktiske med stell av rosebeda, og detaljar rundt gjennomføringa av sjølve besøket. Vi fekk ein strålande dag saman med delegatar som rett nok var slitne etter å nærme seg slutten på si store rundreise, men som like fullt var svært engasjerte og aktive i rosevandringa vi tok dei med på rundt i byen. Etter at gjestane var reiste vidare, samle deler av styret seg i Aud sin hage, for eit godt måltid og ein god prat. Vi takkar WFRS for besøket, og alle involverte for innsatsen!

Av andre saker vi har jobba med i 2024, kan vi nemne kartlegging av besøkshagar i fylket, samt kartlegging av gode forhandlarar av roser. Vi har òg handsama ei sak knytt til innkjøp av PR-materiell frå Norsk Roseforening sentralt.

REPRESENTASJON på eksterne arrangement:

Nina og Aud heldt eit sams foredrag om rosedyrking på årsmøtet til Hageselskapet Møre og Romsdal. Gjennom dette fekk vi orientert alle dei frammøtte om etableringa av roseforeninga, og vi selde også nokre eksemplar av sortslistene.

Regnskapet for 2024 viser eit overskot på kr **16 290, 16,-**.
Varelageret av sortslistar har i tillegg ein verdi på kr 8400,-.

Styret takkar for eit godt roseår 2024, og vi gler oss til å treffast både digitalt og fysisk i 2025!